



Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 26.03.2014

Medlemene i rådet meiner at tilgjengelegheit og sikkerheit er det viktigaste for målgruppa og at dette skal vere fokuset i uttala frå rådet. Overgangar til Bybanen er eit område som ikkje har fått ein merksamdom som rådet er nøgd med, samt innspel frå brukarorganisasjonar som kjem fram i neste sak er aktuelt. Samtidig er det tydeleg at både tilgjengelegheit og sikkerheit vert påverka av drifta av kollektivtransporta. Det kan til dømes vere opplæring av bussjåførar.

Rådsmedlemene vert bedt om å sende inn innspel til uttala innan 2. april.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å gje arbeidsutvalet fullmakt til å skrive ein høyringsuttale til Kollektivstrategien til Hordaland fylkeskommune basert på innspel frå rådsmøtet og rådsmedlemene.